



Sherdil Sheriff
Røsvikdalen 13
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4371 - 22/52332

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
27.06.2022

Løyve til bruksendring - gbnr 188/452 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 729/22**
Tiltakshavar: Sherdil Sheriff
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Det vert gjeve løyve til bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal utførast som gjort greie for i søknad datert 25.05.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-4.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel ved at bod/sportsrom vert gjort om til soverom. Tiltaket gjev ingen endring i bruksareal (BRA).

Det vert elles vist til søknad motteken 25.05.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.05.2022 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Felt E Såta, planid: 1263-16051983 er definert som bustad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Kommunen vurderer at tiltaket ikkje påverkar nabo eller gjenbuar sine interesser. Kommunen gjev fritak frå nabovarsel jf. plan- og bygningslova §21-3 andre ledd.

Plassering

Tiltaket gjeld kjede-/atriumhus med bygningsnummer 9871128.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endring på grunn av tiltaket.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf pbl §21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4371

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Sherdil Sheriff

Røsvikdalen 13 5914

ISDALSTØ